



NGIR sine medlemskommunar

Gebyr slam for 2015

Representantskapet i NGIR gjorde 27.10.14 vedtak om kva gebyrsatsar NGIR vil tilrå kommunane å vedta for 2015. Her fylgjer satsane med kommentarar. Alle tal er utan meirverdiavgift. NGIR ber kommunen gjera vedtak om gebyrsatsar.

Uendra gebyr frå 2014 til 2015

Det er budsjettert med kr 1 177 000 i underskot frå slam. For å finansiera dette kan ein nytta utjamningsfondet.

Gebyr septikslam private: kr 747
 Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar: kr 301

Av dette utgjer handsamingskostnadene kr 132 per septiktank og kr 47 per kubikk slam frå kommunale avskiljarar. Resten av kostnadene er transport.

Sjølvkostrekneskap og forventa endring av utjamningsfond

Sjølvkostrekneskapen viser eit underskot på kr 1 173 942 for 2015, som er tenkt finansiert ved bruk av midlar frå utjamningsfondet:

Resultat 2015	-1 177 000
+ Rentekostnader	47 076
- Renteinntekter bankinnskot	14 477
- Kalkulatorisk rentekostnad	29 541
= Sjølvkostresultat	-1 173 942

Ujamningsfondet er forventa å verta redusert frå kr 2 816 180 per 01.01.2014 til kr 1 351 346 ved utgongen av budsjettåret. Gebyret har no vore det same i 6 år (2010-2015). Kontrakten NGIR har i dag på innsamling av slam går ut 31.12.2015 og kostnadsnivået i ny transportkontrakt frå 2016 er usikkert, men dersom dagens kostnadsbilete heldt seg, må gebyret aukast med om lag 8,2 % i 2016, 2017 og 2018 for at utjamningsfondet skal vera kr 0 ved utgongen av 2018.

Utjamningsfond 01.01.2014	2 816 180
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2014	-402 230
Kalkulert rente utjamningsfond 2014	64 852
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2015	-1 173 942
Kalkulert rente utjamningsfond 2015	46 485
Budsjettert utjamningsfond 31.12.2015	1 351 346

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om fylgjande gebyrsatsar for slam i 2015:

Gebyr septikslam private: kr 747

Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar: kr 301

Handsaming i styremøte 07.10.14:

Samrøystes tilrådd av styret.

Handsaming i representantskapsmøte 28.10.14:

Samrøystes vedteke av representantskapet.

Kjevikdalen, 31.10.14



Erlend Kleiveland

- dagleg leiar -